

## Utbetaling av BARK-midler

Syner til tildeling av BARK-midler 2015 der Austrheim kommune vart tildelt 110.000 kroner til tilrettelegging og skjørsel ved Fosnstraumen på både Radøy-sida og Austrheim-sida. Vi syner også til godkjenning av endring av disponering av midlane.

**Ber om utbetaling av kr. 51.266,90, derav kr.46.250,00 i forskot til skilt og skiltstativ til Austrheim kommune, kto.nr. 1594.11.80407**

For oss er det viktig å sjå desse midlane i samanheng med dei vidare planane som kommunane har for Fosnstraumen og formidling og bevaring av steinalderfunna som er gjort i dette området:

- Vi er i sluttfasen av arbeidet med ein informasjonsfilm som vil verta tilgjengeleg via mellom anna heimesida [www.fosnstraumen.no](http://www.fosnstraumen.no)
- Utberingar av steinalderstiane / turstiane i områda
- Oppkjøp/sikring av aktuelle områder ved Fosnstraumen
- Universell utforming av ca 100 meter turveg inn til planlagt utsiktspunkt (Austrheim)

Vi ser at prosjekta som både Austrheim og Radøy kommunar har gåande er svært spanande for å bevare og formidla den rike steinalderhistoria som ein finn ved Fosnstraumen. Vårt overordna mål vil vera at dette prosjektet totaltsett vert løfta opp på regionalt og nasjonalt nivå.

### Utført arbeid:

- Grunneigarløyve frå alle involverte grunneigarar er på plass (Radøy/Austrheim)
- Arbeider for sikring av dei 2 aktuelle formidlingsområde/friluftsområde med tanke kjøp (Austrheim)
- Statens naturoppsyn, Hordaland fylkeskommune, Bergen og omland friluftsråd og Radøy kommune har delteke i skjøtselsarbeid på Rapeneset, til saman kring 11 dagsverk.
- Det er sett opp gjerde og gjort avtale om beiting med villsau på Rapeneset.
- Traséen for stiane i Rapeneset er delvis endra for å leggja dei utanfor store lokalitetar, og ny merking av trasé er gjennomført. Det er bygd ut klopper og lagt ut stiarmering på våte parti. Turen har vore med i Radøy kommune sitt turopplegg i 2017.
- Det er gjort avtale med Austrheim viudaregåande skule, Byggfag, om utskiftning og legging av nye kloppar frå p-plass Litlelindås og ut i Steinalderstien mot Hoplandskvernane.
- På Austrheimsida er det utarbeid eigen skjøtselsplan
- 

### Planlagt arbeid:

- Tilrettelegging av stien på Ramsvikneset (2017)
- Oppsetjing av skilt hovudskilt i Radøy og Austrheim (2017)
- Produksjon av til saman fire mindre skilt i Radøy og Austrheim (2017)
- Rapeneset er kystlynghei. Me vil forsøka å få til eit kurs i lyngbrenning (vinteren/våren 2018).
- Utlegging av kloppar frå P-plass Litlelindås og ut i Steinalderstien (våren 2018)
- Innhente tilbod på fjerning av skog på Austrheimsida i formidlingsområdet (oktober 2017)
- Utvilting av formidlingsplass (eige prosjekt – 2018/2019)

Årsak til forseinking har vore at skilta skal visa til filmar om steinalderen ved Fosnstraumen. Det har tatt lengre tid enn planlagt å få desse ferdig. Tilrettelegging av stiar har tatt lengre tid enn planlagt på grunn av arbeid med skjøtsel.

**Økonomi:**

Vi har forsøkt å synleggjere utgifter vi har hatt til prosjektet og disse er i tråd med BARK-søknaden frå oss og er gjort i tett dialog med HFK.

**Utgifter til no i prosjektet:**

| <b>Utgifter og finansiering</b>  |                       |                           |                  |           |                   |     |
|----------------------------------|-----------------------|---------------------------|------------------|-----------|-------------------|-----|
|                                  | Eigeninnsats Radøy k. | Eigeninnsats Austrheim k. | Eigeninnsats HFK | BARK 2017 | Forskot BARK      | SUM |
| Tilrettelegging sti Rappeneset   |                       |                           |                  | 3954,40,- |                   |     |
| Illustrasjonar                   |                       |                           |                  | 1062,50,- |                   |     |
| Reise*                           | 1200,-                | 3600,-                    | 1310,25          |           |                   |     |
| Skinns teinalderlavvo            | 6000,-                |                           |                  |           |                   |     |
| Admin*                           | 14.825,85,-           | 10.350,-                  | 5250,-           |           |                   |     |
| Møter/synfaring                  | 9744,58,-             | 33.900,-                  | 27.650,-         |           |                   |     |
| Skjøtselsplan*                   |                       |                           | 52.500,-         |           |                   |     |
| Layout skilt                     |                       |                           | 7000,-           |           |                   |     |
| Hovedskilt og skiltstativ        |                       |                           |                  |           | 46.250,-          |     |
| Tilrettelegging av sti Austrheim |                       | 15.000,-                  |                  |           |                   |     |
| SUM                              |                       |                           |                  | 5016,9,-  |                   |     |
|                                  |                       |                           |                  |           | <b>51.266,9,-</b> |     |

Med venleg helsing

Helge Dyrkolbotn  
Austrheim kommune